

# SU/SMU-møte

Dato: 04.03.2024

Til stades: Marius Vøllestad, Paul Willy Setane, Kristina Kihle-Vik, Magnus Holskar, Anne Solveig Nordbø, Andrea Aarak og Håkon Adriano Matre (referent).

## **SMU-saker:**

- Skulemiljø – status  
Ser bra ut, men det skal sjølvsagt halde fram med å jobbe for å bekjempe mobbing og trakassering. Vi tar opp alle saker som dukker opp med ein gong. Føresette og elevar må ta kontakt med skulen dersom nokon opplever mobbing, utestenging eller trakassering.
- Informasjon om Elevundersøkinga 2023  
Elevundersøkinga syner at elevane trivst godt på skulen. Tveit skule/Nissedal ungdomsskule har eit godt rykte på å ivareta elevar som har hatt skulevegring. Tveit skule er eit godt døme på dette. Skulen ønskjer å bli betre på elevmedverking. Innspel frå elevrepresentantane: Ønskje om meir elevmedverknad kring innleveringsfristar som kjem samtidig med andre oppgåver i andre fag.
- Ny opplæringslov om trygt skulemiljø  
Elevmedverknad vil kome i fokus. Dette kan hjelpe litt med elevmerknad kring innleveringsfristar. Den nye opplæringslova skal hjelpe arbeidet med trygt skulemiljø å bli lettare.
- Evaluering av joleballet  
Skulen skal halde fram med å ta ansvaret for joleballet og matlaginga. Elevane er flinke til å ta vare på kvarandre på joleballet. Alle priser skal bli godkjent av rektor på førehand. Skulen prøver å halde fram med utlån av kjolar til kvarandre.

## SU-Saker:

- **Utbetring av skulen**  
Etter skulen avsluttar før sommaren, skal det vere klart til utbetringa av skulebygget. Rektor følgjer utbetringa av skulen nøye. Utbetringa skal vere ferdig før skulestart i august 2025.
- **Mellombels skule i byggeperioden**  
Mellomtrinnet brukar den gamle barnehagen i Haugsjåsund. Ungdomsskulen brukar den gamle minkhallen/det nye røde kors huset for 8. og 9. klasse og bygget ved fotballbanen til 10. klasse. FAU ønskjer meir informasjon før ting skjer, slik at dei kan førebu ungane på det som skulen tar føre seg. Når teknisk og skulen har blitt einig om informasjon, bør den sendes til FAU. Buss skal transportere elevane opp til Tveit skule, dei gongene det blir aktuelt å nytte gymsalen t.d.. Kantinematn er tenkt å bli laga på Tveit skule og køyrt ned til ungdomsskulen.
- **Endring av leiarstrukturen i Nissedalsskulen**  
Leiinga i kommunen foreslår på administrativt forslag til felles administrasjon i Nissedalsskulen frå 01.08.24. Elevrådet er negative til forslaget. Rektor på kyrkjebygda skule går av som rektor. Stillinga fordelast på administrasjonen på Tveit skule. Det vil si rektor blir rektor for alle i Nissedalsskulen. Administrasjonen skal fordele seg rundt på dei ulike plassane i byggeperioden. Rektor vil ha ein evaluering om dette systemet gjer at alle elevane følar seg ivaretatt i løpet av dette året, viss det blir aktuelt.
- **Skuleruta 2024-2025**  
Elevrepresentantane vil avspasere 2. mai eller 2. nyttårsdag. Lærarane vil ha tre planleggingsdagar før skulestart.

- Førebuing til 17. mai  
Planlegginga er i gang. 17. maikomiteén skal snart ha stormøte.
- Saker frå FAU  
FAU føler at prosessen av felles administrasjon er eit dårleg tidspunkt.